

**Til  
vedlagte høyringsliste**

Knarvik, 26. februar 2021

**Planprogram for Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland – offentleg ettersyn  
- innspel til arealbruk for sjøområda**

Det Interkommunale planutvalet gjorde følgjande vedtak i møte 26.02.2021 i sak 03/21:

«*Det interkommunale planutvalet for sjøareal i Nordhordland vedtek at framlegg til planprogram for «Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland» vert lagt ut til offentleg ettersyn.*

*Vedtaket har heimel i plan og bygningslova §11-1 og §11-13.»*

Kopi av sak 03/21 er lagt ved.

**Det er to ting som vert etterspurt i denne høyringa:**

- Innspel og kommentarar til sjølve planprogrammet
- Innspel til planinnhald/arealbruken

**Kva saka gjeld**

Kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal har i fellesskap starta prosessen med å utarbeide ein interkommunal plan for sjøareala i kommunane.

Det er mange interesser knytt til kystsona og sjøareala. Aukande konkurranse og interessekonfliktar kan gjere sjøareala utfordrande å forvalte. Kommunen har mynde over arealbruken i sjøområda etter plan- og bygningslova, og ansvar for å skape føreseielege rammer. Til dette trenger kommunen eit godt styringsverktøy.

Interkommunal plan for sjøareal er ein plan på kommuneplannivå, jamfør kap. 9 i plan- og bygningslova (tbl). Det skal fastsettast juridisk bindande arealbruk med føresegn og retningslinjer.

Den interkommunale planen skal presenterast samla, men kvar kommune skal gjennomføre planprosess for sitt sjøareal som om det var sin eigen plan. Dette planarbeidet for sjøareala skal gjerast slik at det vert ein naturleg del av ein samla arealdel av kommuneplanen (KPA) for kvar av kommunane som deltek. Planen vert utarbeidd etter prosessreglane i kap. 11 i plan og bygningsloven (tbl).

## **Kva område gjeld planen for**

Planområdet omfattar sjøareala i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal.

Planområdet gjeld berre for sjøområda. Det vil sei frå flomålet i elveosar og ned til sjøbotn. Avgrensing ut i sjø er 1 nautisk mil utanfor grunnlinja.

## **Målet med planen**

Eit hovudformål med planlegging etter plan- og bygningslova er å fremme berekraftig utvikling og bidra til samordning av statlege, regionale og kommunale oppgåver. Areal- og samfunnsplanlegging er ein sentral del av kommunane sitt arbeid med samfunnsutvikling.

Planen skal vere ein arealplan for sjøareala, der heilskapen blir ivaretatt over kommunegrensene. Gjennom planarbeidet skal det utviklast langsiktige rammer for berekraftig arealbruk, forvaltning og verdiskaping i sjøområda. Planen skal munne ut i ein juridisk bindande plan på kommuneplannivå.

## **Høyringsmøte – dialog**

Det vil bli arrangert høyringsmøte på regionalt nivå. I tillegg vil den enkelte kommune halde lokale høyringsmøte.

Det regionale nivået og kommunane kjem tilbake til korleis det skal skje og tidspunkt.

## **Innspel**

Det er totalt 8 kommunar som deltek. Det regionale nivået sender ut høyringsbrevet til regionale aktørar, sjå vedlagt adresseliste. Den enkelte kommune sender ut til sine lokale (innan eigen kommune) aktørar.

Alle kan sende inn innspel – uansett om du står på lista eller ikkje. Medlemsorganisasjonar må ta ansvar for å distribuere det til sine medlem.

Der er laga til eit skjema som **kan** nyttast. Dersom det er konkrete innspel til arealbruken er det fint om det vert teikna inn på eit kart som vert lagt ved som pdf.

**Frist for å kome med innspel er satt til 10.05.2021.**

**Alle innspel må sendast til** (uansett om du har fått det frå eigen kommune):

e-post: **post@nordhordland.net**

I emne feltet til e-post må du skrive: «**Høyring Interkommunal plan sjøareal**»

Eventuelt kan innspel sendast til adresse:

Nordhordland Utviklingselskap IKS, Kvassnesvegen 23, 5914 Isdalstø

På heimesida til prosjektet ([www.regionnordhordland.no](http://www.regionnordhordland.no)) og den einskilde kommune finn ein meir informasjon om prosjektet og høyringa.

Er der spørsmål ta kontakt med:

- Hans Kristian Dolmen – [hans.kristian.dolmen@alver.kommune.no](mailto:hans.kristian.dolmen@alver.kommune.no)
- Bent Gunnar Næss - [bgn@nordhordland.net](mailto:bgn@nordhordland.net)

Med venleg helsing

Halvard Oppedal(sign)  
Leiar i Interkommunalt planutval

Bent Gunnar Næss (sign)  
Prosjektmedarbeidar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

- Vedlegg 1 - Planprogram
- Vedlegg 2 – Skjema for innspel til planprogram
- Vedlegg 3 - Sak 03/21 i Interkommunalt planutval
- Vedlegg 4 - Høyringsliste